

Stemneplassen er klargjort til feiring.

06.05.2015



Desse 6 utgjorde ein solid dugnadsgjeng saman med fotografen.

Onsdag kveld var det dugnad både på Stemneplassen og på badestranda i Stølavikjo. Friluftslaget hadde som vanleg ansvaret på Stemneplassen, medan Uskedal Utvikling har teke på seg å rydda opp etter Nina-stormen på skulestranda. Tilsaman møtte 7 til dugnadsarbeid, og jobben var unnagjort på knappe to timar.

På Stemneplassen var det vanleg vårrydding for å gjera plassen presentabel til komande arrangement. Førstkommende fredag, 8.mai, kl.17.00 skal det vera ei markering der til minne om at det er 70 år sidan fredsdagen etter krigen. Då vert det først ein seremoni ved minnesteinen som er reist der. Etterpå vert det program i lokalet under scenen. På nasjonaldagen vil, som dei siste åra, folketoget gå om Stemneplassen, og det vert minnetale, blomenedlegging og musikk ved minnesteinen.

Badestranda vart i kveld grovrydda, og store ting som kom i land der under stormen Nina, vart køyrd vekk. No gjenstår berre finpuss.

På stemneplassen gjenstår høgtrykkspyling. Det vert gjort i morgon.



[Egil Myhre sytte for grovrydding av badestranda i Stølavikjo](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland